

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL):



TILTAKSSTRATEGI FOR BRUK AV SPESIELLE MILJØVERKEMIDDEL, VIK KOMMUNE 2015 – 2019

1. Bakgrunn

I tråd med St. meld. Nr 19 (2001 – 2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt*, blei forvaltning av spesielle miljøverkemiddel i jordbruket (SMIL) overført til kommunane. Rammene er fastsett i forskrifta »Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket» med tilhøyrande rundskriv.

Kommunane skal i samarbeid med næringsorganisasjonane i landbruket utarbeide ein fleirårig tiltaksstrategi som grunnlag for tildeling av midlane. Strategien skal vurderast årleg og rullerast kvart 4. år.

Fylkesmannen fordeler kvart år midlar til kommunane som handsamar søknadane om SMIL-midlar. Den årlege økonomiske ramma er som regel for lita til at kommunen kan innvilge alle søknader som oppfyller vilkåra i tilskotsordninga. For at aktuelle søkjarar skal kunne ha realistiske forventningar er det viktig at tiltaksstrategien inneheld tydelege kriterium og retningslinjer for prioritering av søknader.

Kommunen si prioritering skal samordnast med Regionalt miljøprogram. Dessutan skal kommunar med ansvar for verdsarvområde eller utvalde kulturlandskap i jordbruket prioritere og stimulere til SMIL-tiltak i tråd med forvaltnings- og skjøtselsplanar for desse områda.

Tiltaksstrategi for bruk av spesielle miljøverkemiddel for Vik kommune, 2015 - 2019, vart vedteken av Kommunestyret i Vik den 12.03.2015 (sak 008/15).

2. Verdier knytt til kulturlandskapet

Fjell- og fjordlandskapet på Vestlandet med ein rik natur- og kulturarv er m. a. kjent som eit attraktivt reisemål. Sognefjorden er i denne samanhengen eit av høgdepunkta, med verdsarvområdet Nærøyfjorden og nasjonalparkane Jostedalbreen og Jotunheimen som nokre av dei viktigaste attraksjonane. Kulturlandskapet langs Sognefjorden er ein viktig del av dette reiselivsproduktet.

Vik kommune er rik på kulturminner. Desse er del av eit svært variert kulturlandskap, frå Fresvik i aust til dei veglause grendene heilt vest i kommunen.

3. Hovudutfordringar i jordbruket

Vik kommune er ein aktiv og livskraftig jordbrukskommune, jf. statistikk over bruk, husdyr og produksjon.

Inntening og effektivisering

Auka krav til inntening og effektivisering, samt styresmaktene sine krav til husdyrhald har i lengre tid hatt som konsekvens at bonden si rolle som kulturlandskapspleier har vore på vikande front. Færre personar skal rekke over større område, og det blir mindre av både tid og pengar til å halde ved like gamal kulturmark, bygningar og andre kulturminne som ikkje på kort sikt gjev auka inntekter.

Minkande tal beitedyr og attgroing

Ei særleg utfordring i Vik kommune er at landskapet endrar seg etter kvart som det vert færre dyr på beite og husdyra blir konsentrert på færre driftseiningar. Dei seinare åra er det etablert fleire samdrifter for mjølkeproduksjon og det er interesse for å gå i samdrifter med sau.

Småfehaldet er svært viktig som kulturlandskapspleiar, men det er store utfordringar knytt til å oppretthalde dette. Talet på sau og lam på beite er redusert med 13 % frå 2003 til 2011, og med mange små buskarar er sauetalet også svært sårbart framover. Det er lite geit i kommunen. Resultatet blir ei omfattande attgroing i ekstensivt drivne areal, både areal som ligg nær gardstuna nede i bygdene og areal i utmarka. Mykje gamal kulturmark gror att og treng vedlikehald snarast.

Kulturminne og landbruket

Landbruket sitt kulturlandskap er rikt på kulturminne, t. d. bygningar på inn- og utmark, steingardar og spor etter eldre driftsformer. Ein stor del har gått ut av bruk og vil gå tapt innan kort tid, om ikkje tiltak vert sett inn.

Klimaendringar og driftsmåtar

I eit våtare klima blir det enda viktigare at dyrka mark er godt nok drenert. Dårleg drenering gjev fuktig jord i vekstsesongen, utfordringar i høve maskinbruk, reduserte avlingar, redusert avlingskvalitet og overvintringsevne, auka jordpakking, mindre biologisk liv i jorda og dårlegare utnytting av tilført næring. I Vik kommune så vel som i heile landet har det oppstått eit visst etterslep i vedlikehaldet av drenert jord i dei seinare åra, og det krevjast tiltak.

I 2013 blei det oppretta ei eiga tilskotsordning for drenering og grøfting, organisert på ein liknande måte som SMIL-ordninga. SMIL-midlar kan under visse tilhøve brukast til enkelte tiltak innan drenering og grøfting, t. d. når kostnaden av eit dreneringsprosjekt blir mykje høgare enn vanleg pga. erosjonssikringstiltak.

EU-vassdirektivet og landbruket

Europaparlamentet og Europarådet sitt direktiv 2000/60/EF om etablering av rammer for ein felles vasspolitikk i EU (vassdirektivet) er eit av dei viktigaste og mest ambisiøse miljødirektiv i EU. Det tredde i kraft 22. desember 2000. Hovudføremålet er å sikre vern og berekraftig bruk av vassmiljøet (ferskvatn, grunnvatn og kystvatn). I høve direktivet skal alt vatn knytt til vassdrag, innsjøar, fjordar, fjordbasseng og grunnvatn ha ein tilfredstillande økologisk balanse og kvalitet

innan 2021. Vassdirektivet er implementert i norsk lovverk i form av vassforskrifta. Fylka er organisert i eigne vassregionar med fylkeskommunen som ansvarleg styresmakt. Sogn og Fjordane er delt inn i 4 lokale vassområde. Vik kommunen høyrer til vassområdet „Ytre Sogn”. I Sogn og Fjordane blei det registrert førebels vasskvalitet i vassdrag, fjordar og fjordbasseng, for å finne risikoområde for vasskvalitet, der det i prinsippet skal kunne setjast inn nødvendige forbetringstiltak mot ureiningskjelda. Landbruksnæringa er definert som ei risikonæring for utslepp av ureining til vassdrag i høve vassdirektivet.

4. Målet med SMIL-ordninga

Føremålet med SMIL-midlane er å *«fremme ivaretakelsen av natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen frå jordbruket. Tilskudd ... skal gis til tiltak som går ut over det som kan forventes som en del av den vanlige jordbruksdriften.* (utdrag §1 i forskrifta).

I brev av 30.05.2012 om revisjon av tiltaksstrategien gjev Fylkesmannen uttrykk for at:

- Landbruksdepartementet forventar at kommunane sine tiltaksstrategiar bidreg til å styrke koplinga mellom SMIL- og RMP-tilskota (Regionalt miljøprogram i jordbruket).
- kulturlandskapstiltak framleis vil verte høgt prioriterte (t.d. tiltak for å ta vare på prioriterte kulturlandskapsområde og kulturmarkstypar og verdifullt biologisk mangfald og kulturminne i jordbruket).
- det i nokre kommunar kan vere trong for SMIL-tilskot til å løyse utfordringar knytt til jordbruksavrenning og vassmiljø (i samband med oppfylging av EU sitt vassrammedirektiv).
- investeringstilskot til organisert beitebruk inngår ikkje i SMIL-ordninga.
- tilskot til SMIL-tiltak og NMSK (Nærings- og miljøtiltak i skogbruket) er separate rammer som ikkje kan sjonglerast i mellom.

I brev frå Fylkesmannen av 28.01.15 vart det opplyst at det kjem ny forskrift om bruk av SMIL-midlar og at kommunane må oppdatere sine tiltaksstrategiar i samsvar med denne.

Ny «Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket», vart vedteken 04.02.15.

Endringane innebær m.a. at SMIL-tilskotet skal avgrensast til føretak som oppfyller krava til å motta produksjonstilskot. Krava om miljøplan er teke ut, men krav om gjødselsplan, sprøytejournal og kart som viser alt areal og kulturminner som føretaket disponerer.

Landbruksdirektoratet skal utarbeida nytt søknadsskjema og rundskriv.

Hovudmål for bruk av midlane i Vik kommune er å sikre miljøverdiane i landbruket sitt kulturlandskap og stimulere til auka verdiskaping i jordbruk og jordbruksrelatert reiseliv og styrke koplinga mellom SMIL- og RMP-tilskota.

Delmål

- redusere faren for ureining av miljøet frå landbruket
- ta vare på spesielt verdifullt kulturlandskap, hindre attgroing
- betra ålmenta sitt høve til ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet
- motverke forfall av eldre bygningar og kulturminne
- halde ved like drenering på dyrka mark i eit våtare klima og førebyggje erosjonsskade

5. Aktuelle tiltak

Forskrifta opnar for å gi tilskot til tiltak i fylgjande temaområde:

Biologisk mangfald:

Slått av område som ikkje eignar seg for dagens landbruksmaskiner - men som er verdifulle for planter og insekt, utmarksslåttar, vår- og haustbeite m.m.

Freda og verneverdige bygningar:

Istandsetjing og vedlikehald av freda/verneverdige bygningar som kan nyttast i landbruksdrifta eller anna næring på landbrukseigedommen.

Gamal kulturmark:

Areal som må stellast; ryddast, tynnast, inngjerdast, beitast eller slåast for ikkje å gro att eller forfalle. Desse områda er oftast ikkje tilført handelsgjødsel, eller prega av moderne jordarbeiding. Områda fyller ofte fleire funksjonar; verdifulle kulturminne og spor frå historia i området, viktig for landskapsbilete i bygda, plante og dyreliv, viktige turområde for ålmenta m.m.

Kulturminne og kulturmiljø:

Skjøtsel og/eller istandsetjing av kulturminne som t.d.: gravhaugar, buplassar, gamle tufter, steingjerde, gamle stiar, rydningsrøyser, sommarfjøs, utløer, naust, jordkjellarar, smier, kvernhus m.m.

Miljø (ureining):

Utbetring og supplerings av hydrotekniske anlegg - herunder graving av opne kanalar til erstatning for eksisterande lukka avløp for å redusera risiko for erosjon og avrenning, miljøplantingar og økologiske reinsetiltak.

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt:

Midlar som skal brukast for å få i gang planlegging av heilskaplege prosjekt over større område, som f.eks. eit vassdrag eller ei bygd. Midlane skal føra fram til gode og konkrete kulturlandskaps- og ureiningstiltak. Grunneigarar, lag, foreiningar og andre kan delta.

Tilgjenge og oppleving:

Tiltak som betrar høvet for ålmenta til å ta seg fram til fots i kulturlandskapet som f. eks: rydding av samanhengande stiar og turvegnett, viktige linjedrag i landskapet, informasjonstavler, benkar, tilkomst til utmark, strand, fiskeplassar m.m.

6. Prioriteringar

I Vik kommune vil ein prioritere:

1. tiltak i særleg verdifulle kulturlandskap.
2. tiltak for å ta vare på verdifulle bygningar og bygningsmiljø.
3. tiltak som fremjar biologisk mangfald, t.d. i registrerte verdifulle naturtypar.
4. tiltak som hindrar eller førebyggjer ureining av miljøet gjennom landbruket.
5. tiltak som er utgreidd gjennom planleggings og tilretteleggingsprosjekt.

Særskilde verdiområde i Vik kommune med tanke på kulturlandskapet skal vere:

- Kulturlandskap og kulturmiljø i landbruket vist som omsynssoner «bevaring av kulturmiljø» i kommuneplanen.
- Område med status *Kjerneområde landbruk, kulturlandskap* (sjå fagrapporten 2013: Kjerneområde landbruk i Vik kommune).
- Dei vegause gardane langs strendene (randsone til Stølsheimen landskapsvernområde).
- Prioriterte kulturmarkstypar, sjå www.fylkesatlas.no.
- Nærøyfjorden landskapsvernområde / verdsarvområde.
- Stølsheimen landskapsverneområde.

Vidare vil ein ta omsyn til om tiltaka kan utløyse andre tilskot i etterkant t.d. frå Regionalt Miljøprogram eller Kulturminnefondet.

Fellestiltak vert prioritert. Dersom det vert trong for å prioritera mellom planleggings- og tilretteleggingsprosjekt vil lag der medlemmene har landbrukstilknytning bli prioriterte (grunneigarlag før idrettslag o.l.).

Søknader knytt til freda/verneverdige bygningar vert ved behov sendt til Fylkeskommunen sin kulturavdeling for fagleg vurdering og prioritering. Restaureringa skal som regel gjennomførast etter antikvariske prinsipp. Unntak må grunngjevast (kan t.d. gjelde spesielle krav knytt til den framtidige bruken av bygningen).

Ved søknader som gjeld tiltak for å hindre eller førebyggje ureining av vassdrag frå kjelder knytt til landbruket vil ein prioritere tiltak i område som drenerer mot vassdraga Hopra, Vikja og Dalselva, der vasskvaliteten per i dag ikkje er tilfredsstillande.

I store prosjekt som er delt opp i fleire trinn og der fyrste trinn er avslutta, vil dei resterande trinn bli prioriterte framføre nye enkeltprosjekt same året.

7. Satsar og tilskotsbehov

I fylgje forskrifta kan kommunen gje eingongstilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltak retta mot kulturlandskapet og ureining. For tiltak som tek vare på biologisk mangfald eller gjeld planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan det gjevast inn til 100 % tilskot.

Vik kommune sine satsar 2015-2019:

Inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltak innan

- *Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt*
- *Biologisk mangfald*
- *Tilgjenge og oppleving*

Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltak innan

- *Miljø (ureining)*
- *Gamal kulturmark*
- *Kulturminne og kulturmiljø*

Inntil 25 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltak innan

- *Freda og verneverdige bygningar*
- *Andre tiltak (t.d. knytt til drenering)*

Tilskotstrong:

Dei seinare åra har den økonomiske ramma For SMIL-midlar som kommunen får tildelt frå Fylkesmannen vore langt frå stor nok til å kunne støtte alle gode tiltak det vert søkt støtte til.

Framover er det berre landbruksføretak i aktiv drift som kan søkje, men samtidig vert den økonomiske ramma i ordninga redusert. Endringane gjer at det vert vanskeleg å vurdere framtidig tilskotstrong. Med bakgrunn i pågåande prosjekt og søknadar som kommunen kjenner til, forventar ein likevel at trongen for midlar til spesielle miljøtiltak i Vik kommune også vil vere høgare enn det kommunen får tildelt av midlar dei komande åra.

8. Søknad

Søknadsfristen er 1. april. Denne vert kunngjort i avis og på kommunen sine nettsider. Søknader om SMIL-midlar sendast til Vik kommune som handsamar alle søknadane.

Søknader må sendast på søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet. Dette kan m.a. lastast ned frå kommunen si nettside. Søknaden må vere signert og sendast til Vik kommune, Postboks 134, 6891 Vik i Sogn eller post@vik.kommune.no.

Kostnadsoverslag

Det skal leggjast fram detaljert kostnadsoverslag med søknadane.

For eigeninnsats vert fylgjande satsar godkjende (tilrådd av fylkesmannen):

- Planlegging av tiltak: 150 kr/time
- Manuell utført eige arbeid: 200 kr/time
- Bruk av motorsag, ryddesag ol.: 300 kr/time
- Bruk av traktor med reiskap: 400 kr/time
- Bruk av gravemaskin tom. 4 tonn: 400 kr/time
- Bruk av gravemaskin fom. 5 tonn: 800 kr/time

Kart

Med søknaden skal det sendast eit detaljkart som viser areal, viktige element i landskapet og plassering av tiltaket det vert søkt tilskot til. Det er tilrådd å bruke verktøyet «gardskart» (<http://gardskart.skogoglandskap.no>) eller be landbrukskontoret om hjelp med kartet.

Andre opplysningar

Kommunen står fritt til å vurdere kva anna dokumentasjon, i tillegg til kostnadsoverslaget og kart, som bør leggjast ved søknaden. Fylgjande opplysningar kan vere aktuelle:

- Planar for prosjektet/tiltaket inkl. framdriftsplan, arbeidsbeskrivingar, teikningar, mm.
- Fotografi som viser areal, bygningar og/eller landskapselement det vert søkt tilskot til.
- Finansieringsplan inkl. eigeninnsats.
- Avtale om gjennomføring av fellestiltak.
- Skrifteleg avtale med grunneigar dersom tiltak skjer på leigd eigedom.
- Gjødselsplan og sprøytejournal mm.
- Dersom det er eit stort prosjekt som skal delast opp i fleire trinn, må det opplysast om krav som skal gjerast i kvar prosjektdel.

Underskrift

Dersom søknaden gjeld fellestiltak skal berre ein av deltakarane stå som søkjar og signere søknaden. Han/ho tek imot tilskotet på vegne av alle deltakarar.

9. Sakshandsaming

Til grunn for all handsaming av søknadar ligg kommunalt regelverk, *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket* (FOR-2004-02-04-448), sist endra 16.02.15, og tilhøyrande rundskriv.

Det er kommunen som fattar vedtak om løyving av tilskot etter forskrifta. Kurante saker vert avgjort administrativt i medhald av vedteken tiltaksstrategi for bruk av spesielle miljøverkemiddel. Forvaltning av strategiplanen er delegert til rådmannen.

Skulle det bli få søknader eit år vert det lyst ut ein ny søknadsfrist på hausten i god tid før rapporteringsfristen til fylket.

Tilsegn

Kommunen skal etter vedtak sende brev med vilkår for løyving av tilskot til det enkelte prosjekt og tiltak. Brevet skal gi opplysingar om klagerett. Tilsegnsbrevet skal gje ein frist for ferdigstilling og informasjon om dokumentasjonskrav knytt til utbetalinga. Arbeidsfristen er normalt 3 år frå tilsegnsbrev er utsendt. Utsetjing kan gjevast med inntil 1 år. Det kan som regel ikkje gjevast tilskot til, på søknadstidspunktet, ferdig gjennomførte tiltak.

Gjennomføring og vedlikehald

Tiltak skal gjennomførast og haldast ved like i samsvar med retningslinjer i forskrift og vedtekt og godkjend plan. For fysiske tiltak som har fått eingongstilskot har søkjaren vedlikehaldsplikt i 10 år.

Utbetaling

Løyvd tilskott vert utbetalt etter skriftleg oppmoding frå tilskottsmottakar og når prosjektet eller tiltaket har fått godkjent sluttrekneskap. Ein kan likevel betale ut deler av summen på bakgrunn av godkjend dokumentasjon etter kvart som deler av prosjektet eller tiltaket vert utført. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er godkjend fullført og sluttrekneskapen er godkjend.

Kontroll og ev. attendebetaling

Mottakar av tilskot må godta kontroll av utført arbeid og er forplikta til å gi naudsynte opplysningar. Kommunen kan gje pålegg om tilleggsarbeid og utbetringar. Kommunen kan krevje tilskotet heilt eller delvis betalt attende dersom det vert avdekt tilhøve som er i strid med føresetnadene ved løyving av tilskotet. Kravet kan reknast mot produksjonstilskot eller andre tilskot som mottakaren har krav på. Det kan krevjast morarenter av beløpet som skal betalast attende, jf. Lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m. v.

Klagerett

Vedtak om løyving av tilskot eller avslag på søknad om tilskot er enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan såleis påklagast. Klageinstans er Fylkesmannen. Klagerett har den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse. Klagefristen for enkeltvedtak er 3 veker frå det tidspunktet underretting om vedtaket har nådd fram til parten. Klaga skal sendast til kommunen.

Rapportering

Kommunen skal kvart år rapportere bruken av midlane etter reglar fastsette i tildelingsbrevet frå fylket. Rapporten skal òg leggest fram for kommunestyret.